

Radar



2016 nr. 3

Kyrkjeblad for Radøy sokn

32. årgang



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840

www.kirken.no/radoy

Dagleg leiar Audun Sylta
901 95 179

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840

Sokneprest Kjell Sækkingstad
951 41 360

Prostiprest
Marianne Støylen Skauge
472 34 796

Trusoppplæringsmedarbeidar
Willem Vogelaar
479 73 670

Organist I J. William Kay
915 91 482

Organist II Frode S. Storheim
948 38 985

Dirigent Radøy damekor
Jüratè Norkuviené
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar
Berit Karin Vogelaar
942 42 233

Kyrkjetenar Marta G. Hvidsten
909 18 214

Nytt frå dagleg leiar

Kyrkja og kommunereformen

Kommunane i Nordhordland vedtok i 2010 å setja i gong ein prosess om å utgreia endra kommunestrukturar. Kommunestyra i Radøy, Lindås og Meland gjorde 22.juni 2016 vedtak om at dei vil bygge ein ny kommune som skal vera operativ frå 01.01.2020.

Endring i kommunestruktur får store følger også for kyrkja si verksemd. Det skal vera eit fellesråd i den nye kommunen og det nye fellesrådet vert arbeidsgjevar for alle kyrkjeleg tilsette i dei tre kommunane med unntak av prestane. Grensene for det nye fellesrådet vert som for den nye kommunen.

Kommunane er ulike både i storleik og organisering. Radøy og Meland er eitt-sokns kommunar der soknerådet også har fellesrådsfunksjonar medan Lindås har 8 sokneråd og eit fellesråd. Fellesrådet i Lindås har eit medlem frå kvart sokn. Dei handsamar stort sett berre saker som gjeld økonomi, stillingar, bygningar og eigedom. Råda i Meland og Radøy må ta stilling til alle type saker. Organiseringa elles er svært ulik også når det gjeld kommunal tenesteyting og ein del andre løysingar.

Rådsleiarane og kyrkjevergene i dei tre kommunane har alt hatt 2 møter. I påvente av vedtak i saka om kommuneslåing har det ikkje vore drøfta nye felles løysingar men prosessen går no inn i ein ny fase der ein tar opp meir konkret korleis den nye organiseringa skal verta. Vi må starte tidleg slik at vi har tid til å finne gode ordningar for fellesrådet, sokneråda og dei tilsette i den

«Soknerådet skal ha si merksemd på alt som kan vekke og nære det kristelige livet i soknet.»

«Fellesrådet har ansvar for bygningar, drift, vedlikehald, økonomi og er arbeidsgjevar.»

nye kommunen. Aktiv medverknad frå dei tilsette og deira organisasjonar vert viktig i prosessen.

Vårt sokneråd har valgt leiar og nestleiar til å vera med i arbeidsgrupper/utval som skal drøfte vegen vidare fram mot eit nytt fellesråd. Dei har fått fullmakt til å representere soknet og rapporterer til soknerådet. Det nye fellesrådet skal fungere frå 1.januar 2020.

Manger kyrkje



Vi har snart bak oss eit omfattande arbeid med stabilisering av Manger kyrkje. Kyrkja har vore stengt frå 1.mai i år. Søndag 6.november har vi planlagt første gudstenesta.

Bygget er no forankra til grunnen med stålpelar som er bora fleire meter ned i fast fjell i alle hjørner. Gavlveggane er stiva av med plater og boltar og det er lagt inn langsgåande stålbjelkar i himlin-

gen på begge langsiden. Det einaste av arbeidet som vert synleg er stål som kjem fram eit lite stykke i taket på galleriet.

Vi reknar no med at kyrkja er godt avstiva og at knirkinga som kunne høyrast i sterk vind er borte. Det vil no vonleg verta lettare å fokusere på kva som skjer framme i kyrkja enn å høyre etter ulydar frå konstruksjonen i dårleg ver. Arbeidet går etter planen og vi er innanfor tildelinga på 7,5 mill som Radøy kommune har stilt til rådvelde.

Når de les dette reknar vi med at kyrkja er rydda og det meste av trearbeidet er ferdig. Kyrkja skal deretter vaskast innvendig og vi må nytte lift for å få med oss alt. Vi kjem også til å nytte høvet til å male golvet no når alle benkane er ute. Dei hospiterer for tida i Manger Fiskemat sine tidlegare lokaler.

Vi har tre kyrkjer og det har fungert godt å nytte dei andre kyrkjene medan Manger har vore stengt. Det vert likevel ei stor lette å få Manger tilbake i vanleg drift. Kyrkja fyller 125 år den 27.oktober 2016. Vi vonar at den no står støtt også dei neste 125.

Audun Sylta
Dagleg leiar

Kyrkjebasar på Manger

Torsdag 1. september arrangerte Manger kyrkjeforeining basar til inntekt for kyrkja på Manger bedehus. Det var ein flott kveld med god stemning, med musikalske innslag av Radøy damekor.

Det kom inn kr 34 000. Tusen takk til damene i kyrkjeforeininga for alt dei gjer for kyrkja på Manger!


- 1 Juleduk Bodhild Mjøs Grindheim
- 2 Digital badevekt Elna og Arvid Bauge
- 3 Strikka duk Anna Myrtveit
- 4 Strikka babyteppe Maria Torkelsen
- 5 Dokke med klær Gunnar Kartveit
- 6 Dobbelt sengesett Ivar Hole Aksnes
- 7 Handmikser Kirsten og Jakob Helland
- 8 Panne Oskar Brattetaule
- 9 Matkorg Solfrid Hermansen
- 10 Dampstrykejern Rosalind og Trond Instebo
- 11 Brodert toalettsett Alf Nilsen
- 12 Strikka sofateppe Wenche Soltveit
- 13 To lysestaker Ingrid Vallestad Årås
- 14 Brodert løper Helge Nøttveit
- 15 Blomstervase Margun og Dagfinn Stordal
- 16 Rattkjelke Knut Baug
- 17 Blender Borghild Baug
- 18 Barnegenser Andrine Mikalsen-Kviste
- 19 Stavmikser Else Marie Dale
- 20 To dunputer Elsa og Gunnar Jordal
- 21 Blender Laila og Oddmund Frantzen
- 22 Liten brodert duk Else Hella
- 23 Tannbørste Åshild og Nils Helland
- 24 Maleri Frida Smith
- 25 Blomsterurne Borghild Hole
- 26 Strikka duk Ruth Marit Haugland
- 27 Sengesett Laila og Oddmund Frantzen
- 28 Steikepanne Lykke (Maren Hole)
- 29 Hekla festremse Else Marie Dale
- 30 Smoothiemaskin Dagmar Tveiten



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus stiller stormen!



Finn ni dyr!

Namnet på ni dyr er gøymt inni rutenettet. Dyrenamna står bortover og nedover. Finn du alle ni?

R	N	I	G	J	H	L	A	B	W
R	A	R	D	E	U	G	L	E	I
E	F	E	R	N	N	Y	Å	E	N
K	R	O	K	O	D	I	L	L	E
O	I	T	A	P	O	D	N	E	S
R	R	E	T	P	E	L	A	F	U
N	K	R	T	I	G	E	R	A	R
A	N	D	R	O	T	I	U	N	Y
S	L	A	B	A	D	T	E	T	Z

Finn 5 feil

Teikningar: Trevor Keen

Jesus lærte folket om Gud. Så dro han og læresveinane over sjøen. Undervegs vart det storm!

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Abonner på barnebladet



BARNAS

16 blader + 1 CD
= berre 399,-

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 239,- per barn



Bibelteikneseriar og gøyale aktivitetar!

Perfekt som faddergåve!

Ting på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Fest-helg for Manger kyrkje

19.-20. november



Manger kyrkje er klar for ny-opning. Arbeidet med avstiving er avslutta, og me kan på nytt ta kyrkja i bruk. I tillegg er kyrkja 125 år no i oktober. Dette er verd ein fest!

Laurdag 19. november kl 18 inviterer me alle til fest-kveld i Manger kyrkje. Der vil både ny-opninga og jubileet verta markert.

Det blir flott song og musikk, me får høyra meir om kvifor kyrkja måtte stivast av og korleis arbeidet er gjort, det blir smakebitar av historia, og litt servering.

Sidan bakgrunnen for arbeidet med avstivinga er spesiell, vil denne historia få litt plass denne kvelden. Det var dagens ordførar sin oldefar, Karl Askeland, som var byggmeister for kyrkja. Han var usamd med arkitekten om konstruksjonen, men måtte følgja arkitekten si rettleiing. Kort tid etterpå vart det lekkasjar, og då vart han pålagt å reparera lekkasjane og ta det på sin kappe, sjølv om han meinte det var konstruksjonsmåten som var feil. Det enda med at han måtte setja seg i gjeld for å få dette til.

Ordførar Jon Askeland vil ta oss med inn i denne historia, og dela litt av tankane sine om dette i dag, og kvifor han ikkje har snudd ryggen til dette prosjektet som i lang tid gjekk hardt ut over familien hans.

Gjennom 125 år har denne kyrkja hekla seg inn i liva våre. Bygget er sentralt plassert på Manger, og mange av dei viktigaste hendinga i livet får sine uttrykk her. Karl Kolstad kjenner godt historia omkring kyrkja, og vil gje oss smakebitar av historia og kanskje nokre historier.

Radøy Damekor vil gle oss med song, og det blir felle song. Og når kantor William Kay sit på orgelkrakken, vert det flott musikk!



Kvelden vert avslutta med enkel servering, og me får med oss gode idéar til å ta vare på kyrkja og fylla henne med innhald vidare.

Søndag 20. november kl 11 er det festgudsteneste med deltaking m.a. av prost og barnekor. Ordførar Jon Askeland vil ha preika, der tema vert forsoning. Etter gudstena er det jubileumskake til alle som ønskjer.

Det er viktig for soknerådet at alt dette vil gå føre seg i kyrkja. Det er kyrkja som skal feirast, og det gjev også høve til å «kjenna på» det arbeidet som no er utført. Og desse veggane har opplevd mykje, slik Kristin Solli Schøien uttrykkjer det i salmen under her.

Vel møtt!

*Radøy sokneråd,
Gunnar Kartveit*

*I dette hus er tusen toner sunget
I dette rom er hundre bøner bedt
Til dette sted har mange føtter vandret
Noen har gått tungt og andre lett*

*I dette hus har gledens toner jublet
I dette rom har sorgen hatt sitt sted
Ved alteret er ja blitt sagt – og mumlet
I dåpens font har vannet rislet ned*

*I dette hus er himmelen til stede
Og paradiset dører står på klem
For dette er et hellig sted på jorden
Og den som kommer hit er kommet hjem.*

Kristin Solli Schøien

Neste nummer av Radar er julenummeret!

Frist for innsending av stoff er 1.november.

Er det ting du gjerne vil lesa om i bladet, eller har du eit innlegg eller bilete du vil dele med andre? Skriv gjerne ein epost til organist@radoysokn.no eller gr-lunde@online.no

Dåp i kyrkja



Den vesle i lang, kvit kjole vert boren opp foran kyrkjelyden. Familie og fadrar er til stades i benkeradane. Kvifor velje dåp for den vesle? Kvifor invitere til feiring av babyen – og samla slekt og vener?

Dåpen er ein tradisjon for mange, og ved å velja dåp gjer ein eit val om å vera ein del av ei høgtid som menneske gjennom generasjonar har teke del i. Ved dåp vert det satt ei verdig ramme kring ei viktig hending.

Dåpen er starten på eit livslangt felleskap med Gud – og med kristne over heile verda. Små born vel ikkje anna enn det foreldra vel for dei, og for å erfare kva tru er, treng dei hjelp med det. Etter kvart som barnet vekst til, må trua få modnast i takt med barnet. Det er starten på dette livsvallet det vert lagt til rette for når liten og stor vert pynta for ein festdag med startskot i kyrkjerommet.

Men kva seier vi eigentleg ja til i dåpen? Kva handlar det heile om?

Dåpen er Guds gåve. Den er ei ja-handling, og først og fremst er det Gud som seier ja. Heilt frå dag éin har Gud sagt ja til barnet. Gud elsker alle, alltid og utan atterhald. Også foreldre og fadrar seier ja. Ved døypefonten svarar de ja til at den vesle skal tilhøyre kyrkja og vekse opp med den kristne trua. De seier ja til å lære barnet om trua og kva den tyder for livet. Men dette står de ikkje aleine om.

For kyrkja seier også ja. Når barnet vert døypt, vert ho/han medlem i Den norske kyrkja og ein del av felleskapet i kyrkjelyden der de bur. Kyrkja seier ja til å inkludere barnet dykkar i trygge og gode aktivitetar der dei vert kjende med Gud, seg sjølv og andre. Gjennom dåpen vert alle ein del av eit felleskap som strekkjer seg over heile verda og gjennom alle tider. Det er augneblink som varar lenge.

Du kan lesa meir om dåp og trusopplæringsarbeidet vårt på kirken.no/radoy

Teksten er utarbeidd av Kirkerådet.

hva skjer i høst?

... utvalgte godbiter fra NMS U sin leirmeny

2016 region Bjørgvin

Haustleir på Alværa

10.-12. oktober for 2.-6. klasse

Påmelding på www.nmsu.no/bjorgvin

Medialeir, Alværa

21.-23. oktober

4.-8. klasse

www.nmsu.no

Kyrkjebasar på Hordabø

Kyrkjelydsutvalet i Hordabø hadde den årlege basaren sin på Hordabø skule den 24.september.

Me hadde fått mange flotte gevinstar både til loddbøkene og årane. Me selde mykje lodd og tilslutt gjekk åresalet fint! Totalt fekk me inn kr 65811 på loddosal og basar, men då Audun kom på jobb mandagen etterpå, fann han ein konvolutt i postkassa med eit brev i. "Sidan eg ikkje kom meg på basar, vil eg gje ei gåve til Hordabø kyrkje," stod det. I tillegg låg det kr 5000 i konvolutten frå den anonyme gjevaren.

Me er svært takksame for gáva og eg vil retta ei stor takk til alle som gav gjevinstar, kjøpte lodd og årar. Spesiell takk til dei som har gått og seld lodd. Utan dykkar hjelp hadde me ikkje fått dette til!

*Helsing kyrkjelydsutvalet,
Ludvig Grindheim.*

• *Trekningslista kjem i neste nummer av Radar!*

Nytt frå Estland

Èn stor - og flere mindre agurker

Sommernyheter i TV og radio kalles gjerne agurknytt. Såvidt jeg har forstått kommer navnet av at journalistene i den stilleste sommertiden gjør alt de kan for å lage nyheter av noe som egentlig ikke er nyheter. Som for eksempel størrelsen på agurkene.



Til en viss grad kan dette også sies om forsøk på å lage sommernyheter fra Estland. Det har vært de vanlige tingene. Med ett unntak, og det tar jeg med én gang: Det er store nyheter om kirkebygget i Mustamäe! Prosjekttegningene er ferdige, og de har fått byggetillatelse. I tillegg har Tiina (presten) i et møte med ordføreren i Tallinn fått hans ord på at

byen vil støtte kirkebyggingen i Mustamäe med 1,5 millioner euro (ca 15 millioner kroner)! Det er helt utrolig at kommunen vil gå inn med en slik sum i dette sekulære landet. I Saku har kommunen til sammenlikning til nå støttet symbolsk med kun 1 euro, hvis man ser bort fra eiendommen som vi har fått til låns for 99 år.

Det eneste «aber» for Mustamäe sin del, er at menigheten selv også må skaffe 1,5 millioner euro. Som Tiina sier: «Så nå har det blitt veldig konkret, og vi trenger mye penger.» Kirkebygging kan støttes på nms.no.

Tallinn kommune ønsker å starte kirkebyggingen allerede i høst, og har sånn sett nesten dårligere tid enn menigheten selv! Trolig har dette sammenheng med at de gjerne vil få den ferdig til nasjonens hundreårsjubileum i 2018, hundre år etter frigjøringen, og hundre år etter at byen fikk navnet Tallinn (tidligere Reval).

Kirkebygginga i Saku er på samme stadium mht byggetillatelse og prosjektering som søsterkirka i byen, men vi ikke har fått samlet inn mer enn snaut tiendelen av den summen vi trenger. Totalt trenger vi ca. 1 million euro (10 mill. kroner). Kirka i Saku er for øvrig betydelig mindre enn kirka i Mustamäe, og det ble også spart inn en del penger ved ikke å arrangere arkitektkonkurranse.

Så var det de mindre agurkene. Sommertid i våre menigheter i Saku og Mustamäe er ganske forskjellig fra året ellers. I begge menigheter er det jo til vanlig stort aktivitetsnivå, og flere ting som skjer i løpet av ei uke. På sommeren går ting mer på lavgir. Frivillige hviler i større eller mindre grad, ja selv presten. Men de følgende tre tingene skjer: Gudstjenester, matpakkeutdeling og leirer. Til gjengjeld er leirene ofte flere, og gudstjenester har vi hver søndag hele sommeren også.



Ave & Magne Mølster.

Vi er en liten familie på fire som bor i Saku i Estland. Vi ble sendt hit av Det norske misjonsselskap (NMS) for å være med i to menighetsplante-prosjekter. Det ene er i Mustamäe, en bydel i hovedstaden Tallinn. Det andre er i Saku, et tettsted litt lenger sør. Vi flyttet fra Norge til Estland i september 2011.



Bli med på tysdagstreff i Sæbø kyrkje

Tysdagstreffa i Sæbø kyrkje – ein stad mellom himmel og jord, der det er litt å henta både for sjel og k(r)opp. Opplegget er laga til av vanlege folk, for vanlege folk.

Her er det berre å stikka innom! Denne hausten vert det to tysdagstreff.

Tysdag 18. oktober kl 1900: Bibelen er boka som knyter himmel og jord saman for oss. Rune Øystese har med seg ei bibelforteljing. Det vert bibelquiz og enkel kveldsmat.

Tysdag 29. november kl 1900: Adventsverkstad under kyndig leiing av Anna Hella Kartveit. Ein kreativ time som førebuinga til jula, og kveldsmat er med på kjøpet. Set av tid og stad i kalenderen!



Familiennytt

Døypte

Seremonidato

12.06.2016 Nikolai Geitle-Rikstad
 12.06.2016 Samuel René Villanueva Myking
 19.06.2016 Adrian Rosendahl Fosse
 26.06.2016 Tobias Storheim Lyssand
 26.06.2016 Odin Kommedal Sanden
 10.07.2016 Nicoline Thomassen Fosse
 14.08.2016 Silja Grindheim Christensen
 14.08.2016 Johannes Hamre Floen
 14.08.2016 Nicholas Hope Borge
 21.08.2016 Sigve Myrtveit Petersen
 04.09.2016 Benjamin Murberg Solen
 18.09.2016 Leah-Emilie Ekornsæter Morken
 25.09.2016 Pia Mikalsen Kviste

Vigde

Seremonidato

11.06.2016 Linn-Helen Helland Røyseth og Robin Holsen
 18.06.2016 Aina Müller Kallestad og Robert Helle Soltveit
 30.07.2016 Antonina Velichko og Håkon Leiv Haugland

Døde

Seremonidato

14.06.2016 Ragnhild Olsen Hella
 01.07.2016 Per Einar Soltveit
 12.08.2016 Øystein Bergvoll
 16.08.2016 Oddmund Hella
 19.08.2016 Ingeborg Marie Kartveit
 26.08.2016 Marie Vågenes
 09.09.2016 Milda Solveig Borlaug
 13.09.2016 Oddveig Kvamme



Her kan du
betale med
Vipps

Vipps... så har du ofra!

Har du fått med deg at du no kan gje ei offergåve i kyrkja med Vipps?

Det er ikkje så vanleg å gå med kontantar i lomma slik det var tidlegare, og mange har etterlyst sjansen til å ofra elektronisk i kyrkja. I sommar tok vi i bruk Vipps og alt no ser vi at det er fleire som bruker tenesta aktivt.

Det einaste du treng gjere er å lasta ned Vipps-appen til din mobil og registrere deg som brukar. Når du er i kyrkja, søker du opp anten Hordabø, Manger eller Sæbø kyrkje, tastar inn beløpet du vil gje og trykkjer send. Du kan gjerne skrive "Offer" og dagens dato som meldingstekst, men den informasjonen får vi også frå DNB.

Det er gratis for deg som kyrkjegjengar å bruke Vipps. Soknet betalar eit gebyr på 2,5% av beløpet du gjev. Til samanlikning koster det oss kr 30 + 10% av myntofferet å setja inn kontantar i banken.

Innkomne offer

12.06	4.sundag i treeiningstida	Blå kors Norge	1972,00
19.06	5.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy	6155,00
26.06	6.sundag i treeiningstida	Kirkens sosialtjeneste	1444,00
03.07	7.sundag i treeiningstida	Vestnorsk utvandringssenter	2609,00
10.07	8.sundag i treeiningstida	Kirkens ressurscenter mot seksuelle overgrep	1783,50
31.07	11.sundag i treeiningstida	Norges Kristelige Studenterforbund	1491,75
07.08	12.sundag i treeiningstida	Diakoni og kyrkjemusikk Radøy sokn	2091,50
14.08	13.sundag i treeiningstida	Misjonsalliansen	3397,25
21.08	14.sundag i treeiningstida	Kristent arbeid blandt blinde og svaksynte	2492,50
28.08	15.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy	4161,75
04.09	16.sundag i treeiningstida	Misjon uten grenser	2728,00
11.09	17.sundag i treeiningstida	IKO - Kirkelig pedagogisk senter	2924,00

Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):
 Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):
 Offer til andre organisasjonar:

Hittil i 2016
 kr 5509,50
 kr 29 541,75
 kr 78 381,00

Denne perioden
 kr 2091,50
 kr 10 316,75
 kr 20 842,00





Gjevarteneste til trusopplæringsarbeidet i Radøy sokn

Støtt trusopplæringsarbeidet blant born og unge 0-18 år ved å bli fast gjevar!



JA TAKK! Eg ynskjer å gje gåva mi på kr _____ per måned og gjev Radøy sokn fullmakt til å ta kontakt med min bank for å legge inn et fast trekk.

Navn på banken:

Mottakar	Mottakar sitt kontonummer	
Radøy sokn	3636 07 04682	

Trekk frå mitt kontonummer:
Summen vert trekt den 20.kvar måned

Personnummer, 11 siffer Fyll ut dersom du ynskjer skattefrådrag	<input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/>
Namn	
Adresse	
Postnummer og stad	
Underskrift	
Stad og dato	

Etter Personopplysingalova av 14.april 2000, informerer vi om fylgjande: Når du støttar kyrkjelyden, vil vi ta vare på informasjon om at du har gitt, og gjer merksam på at du i framtida kan koma til å få materiell frå oss. Vi vil ikkje utlevere namnet og adressa di til andre med unntak av eventuelle krav frå offentlege styresmakter, til domes skatteetaten om eventuelt skattefrådrag.

Ferdig utfylt skjema skal sendast til

Radøy sokn
Idrettsvegen 1
5936 Manger

 DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn



BLOMSTERFORRETNING
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no



Nordhordland Begravelsesbyrå as
Havnevegen 31, 5918 Frekhaug
Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf. 56 37 14 10
Gravferdsbyrå for heile Nordhordland
post@nordh-bb.no / www.nordh-bb.no

ac coun for™
AB Økonomiservice AS
Autorisert regnskapsførerselskap
56355580
AB ØKONOMISERVICE AS

BUNNPRIS

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90



Elinstallatør - Lampebutikk
Tlf 56 34 96 20



REMA 1000
bare lave priser

Manger Senter
07-23 (09-21) 5637 2255

 Tannlege
Sondre Villanger Håland
Grønålvengen 18, 5936 Manger
Telefon: 56 37 00 40
info@tannlege.so www.tannlege.so

 TØRKELOFTET
BLOMSTER & INTERØR

 **KVALHEIM EIENDOM AS**
Idrettsvegen 7 5936 Manger
Tlf: 56374073
kval.vvs@frisurf.no

Vatne
Begravelsesbyrå
Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon


Smiths
møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat

ENTREPRENØR
Rune Ulvatn AS
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

Sjå òg nett-
sidene våre:
[kirken.no/
radoy](http://kirken.no/radoy)

02.10	20. søndag i treeiningstida	11:00	Hordabø kyrkje	Offer: Trusopplæring i Radøy
09.10	21. søndag i treeiningstida	11:00	Hordabø kyrkje	Offer: kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt
16.10	22. søndag i treeiningstida	11:00	Sæbø kyrkje	Offer: Kirkens familievern
23.10	23. søndag i treeiningstida	11:00	Sæbø kyrkje	Offer: Trusopplæring i Radøy
30.10	Bots- og bededag	19:00	Hordabø kyrkje	Offer: De fire diakoniinstitusjoner
06.11	Helgemessesundag	19:00	Manger kyrkje	Minnegudsteneste
13.11	26. søndag i treeiningstida	11:00	Sæbø kyrkje	Offer: Evangeliesenterets landskontor
20.11	Siste søndag i kyrkjeåret	11:00	Manger kyrkje	Offer: Strømmestiftelsen
27.11	1. søndag i adventstida	11:00	Sæbø kyrkje	Offer: Trusopplæring i Radøy
04.12	2. søndag i adventstida	11:00	Hordabø kyrkje	Offer: Laget

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja,
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”
Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.*

Nøkkelen til kyrkja...



“Lykkjelen her høyrer til den gamle Manger kyrkje,” fortel Kirsten Dalland. “Oldefaren min kjøpte kyrkjedørene til låvedører.”

Kirsten fortel at oldefaren hadde kiste utan leddik og at han difor la lykkjelen nede i botnen. Der låg den i vel 100 år utan at nokon visste eller såg at den var til låvedøra. “Folk var overtruiske så korset var oppned i lykkjelen,” fortel Kirsten.

Elektronisk bestilling av dåp



Visste du at du no kan bestille dåp i Radøy sokn via nettstaden vår? Du slepp dermed å vente på at kyrkjekontoret er opent og kan velja fritt blant ledige dåpsgudstenester. Besøk oss på www.kirken.no/radoy og klikk på “Dåp”!

Redaksjon: Grethe Lunde, J. William Kay

Utforming: J. William Kay • E-post: kontor@radoysokn.no • Trykk: Trykk Service A/S Knavik

Bilete: © Kirkerådet, William Kay, Wikipedia Commons (www.forestwander.com in accordance with license).



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn

